

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 Oslo

Deres referanse  
201601924-10  
Vår referanse  
215978  
Sakbehandler  
Magnus Landstad

Deres dato  
26/06-2017  
Vår dato  
26.09.2017  
Direkte telefon

## Lyse Produksjon AS sitt høyrings svar til «Forslag til endring i forskrift om systemansvaret i kraftsystemet»

Vi viser til NVE sitt høyringsnotat frå juni 2017, og vil takke for å få lov til å gi vår uttale.

Generelt meiner vi det er viktig og rett at NVE legg opp til større transparens, at hovudregelen er bruk av markedsløysingar der mulig, og færre systemkritiske vedtak i kraftsystemdrifta.

Vi meiner derfor også at eit prinsipp i forskrifta må vere at aktørar som vert berørt skal få kompensert sine kostnader og ulemper. Dette vil gi operatøren dei rette økonomiske insentiva til å planlegge drift og utvikling av nettet på den måten som totalt sett gir lågast samfunnsøkonomisk kostnad. Ikkje minst er det viktig i forhold til å gjennomføre utkoplingar i rett tidsperiode og med rett tidsbruk.

Det er og viktig at skillet mellom operatør (Statnett) og regulator (NVE) er tydeleg og reelt, og vi meiner NVE må bygge kompetansen vidare opp for å ivareta sin rolle som regulator.

Arbeidet med å utforme retningslinjene som skal følgje denne forskriften er viktig for å oppnå måla med forskriftsendringa, og NVE må aktivt sjå til at Statnett gjennomfører dette arbeidet i tråd med hensikten.

### Kommentar til enkeltpunkt:

§8b 1. ledd: Dette leddet legg opp til at godt regulerte produsentar vert pålagt effektjusteringar for å redusere strukturelle ubalansar. Med god nok tidsoppløysing i balansemarkeda kan operatøren handtere dette i markeda. I staden må no dei godt regulerte aktørane betale ved at dei får mindre verdi av sin fleksibilitet. Samtidig går kostnadane ned for dei aktørane (typisk er det forbruk) som forårsaker ubalansen. Dette er prinsipielt feil, og vi foreslår å fjerne dette punktet.

§8b 2. ledd, «pålegg om produksjonstilpassing»: Her meiner vi det bør med at dette kun er dersom det ikkje er mulig å benytte markedet. Det vil vere i henhold til intensjonen med forskrifta, og vil gi dei rette insentiva ovanfor operatøren og aktørane til mest mulig samfunnsøkonomisk utnytting av systemet og ressursane. Som nemnt i innleiinga vil vi og ha med at aktørar som vert berørt av pålegg, skal få kompensert for sine kostnader og ulemper.

§28: Vi meiner tre månader som generell grense for systemkritiske vedtak er alt for høgt. Dette vil fortsatt kunne medføre ei betydeleg mengde systemkritiske vedtak som ikkje nødvendigvis er

Side 2 av 2

Lyse Produksjon AS sitt høyringssvar til «Forslag til endring i forskrift om systemansvaret i kraftsystemet»

tidskritiske. Det gir ikkje tilstrekkelege insentiv for operatøren til å planlegge og gjennomføre tiltak i kraftsystemet på den totalt mest samfunnsøkonomiske måten.

Ein kan sjå for seg at operatøren kan ha mange grunnar til å ikkje ha meldt inn planar og vedtak innan ein frist for tre månader, og i praksis gir da dette ikkje eit sterkt insentiv til å unngå systemkritiske vedtak.

Vi meiner denne grensa bør vere 14 dagar.

Vennleg helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Magne Lørdal', written in a cursive style.